



Konfirmantpresentasjon i Uskedal kyrkje i dag.

Det var stor tilstrøyming til Haustens påskegudsteneste i Uskedal kyrkje i dag. Med dåp, konfirmantpresentasjon og utdeling av bok og DVD fekk alle eit innsyn i det store arbeidet kyrkja gjer med sitt dåpsopplæringsprogram.



Dåpsbarnet fekk namnet Lilly Magrethe

Teksten for dagen er henta frå Markus kap. 5 der bodskaperen er at Jesus er sterkare enn døden og at alle treng hjelp med si tru når all von er ute. Presten Lina Haaland, organist Marit Lindekleiv og kyrkjelydssekretær Oddbjørg Heimark gjorde alle sitt til at det var ei stemningsfull stund i kyrkja.

Mest alle dei 14 konfirmantane til neste år var møtt fram i kyrkja. I tillegg var nokre konfirmantar frå Husnes med på presentasjonen i Uskedalen. Alle vart lesne opp med namn.

Dåpsbarnet med namnet Lilly Magrethe Hjellbakke Richardsen gav lyd frå seg. Ho er truleg ei framtidig korsongar i Kvinnherad.

4, 5 og 6 åringane fekk anten bok eller DVD. Vi fekk diverre ikkje bilete av den eine 5 åringen, men ros til henne og foreldra hennar som var frammøtt.

Kyrkjelyden vart etter gudstenesta invitert til kaffi og kaker.



Fire åringane fekk bok



6 åringane fekk bok

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal